

# **FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVALG (FAU)**

## **V/ØYSTRE SLIDRE UNGDOMSSKULE**

**EIN ENGASJERT OG GLAD SKULE!**

### **Velkommen som natteramn**

Denne informasjonen er først og fremst meint for deg som har born på ØSUS for første gong, men det kan vera fint å friske opp att kva som er føremålet med natteramnordninga. Å vera natteramn er ei særskilt viktig oppgåve, og ikkje minst ein fin måte å bli kjend med ungdommane på. Vi skal bidra til at miljøet ved og rundt Gapahuken ungdomsklubb er trygt og fint for alle som ynskjer å bruke dette som ein sosial arena.

Vakta byrjar kl. 18.30, same tid som klubben opnar, og held fram til ca. 22.15. Klubben stengjer kl. 22.00, men det er nødvendig at vi er tilstades til alle har vorte henta, og vi kan sjå ungdommane trygt av garde.

Sjølv om dette er ei frivillig oppgåve, blir det forventa at du stiller opp på vakta du er sett opp på. Dersom det ikkje passar med oppsett tidspunkt, må de byte innbyrdes om det er andre kveldar som passar betre. Gje beskjed til natteravnansvarlig i FAU om ev. bytte (tlf.nr er oppgitt på vedlagt liste).

Natteramnane skal vera ute og ha oppsyn med utearealet rundt Gapahuken. Inne er det personale på Gapahuken som held orden og tek ansvar.

Inne på klubben ligg det ein perm med meir detaljert informasjon som det er nyttig at du les, blant anna om kva plassar det er meint du

skal oppsøkje/gå. På slutten av vakta skal det i tillegg fyllast ut ein logg i permen, om korleis vakta har vore. Ta kontakt med personale ved oppmøte, for å få informasjon om vakta, samt bekledning.

Hugs det er for ungdommane våre vi gjer dette, og akkurat du er viktig for at dei skal kunne føle seg trygge når dei ferda ute ein fredagskveld.

Lykke til med oppgåva. Mvh FAU ØSUS